

Bremnes Seashore AS

5430 BREMNES

Vår dato: 27.01.2017

Vår ref.: 201601920-13

Arkiv: 313 / 038.1Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Bremnes Seashore AS – Løyve til tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadelva i Finnøy kommune, Rogaland

Vi syner til søknad av 01.04.2016 om tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadelva i Finnøy kommune i Rogaland. Det vert søkt om konsesjon etter vassressurslova § 8 for eit tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadvassdraget.

Om søknaden

Bremnes Seashore AS planlegg å etablere eit forsøksanlegg for avlusing med snorkelmerd i Jørstadvågen nordvest på Ombo i Ryfylke. Det vert søkt om eit tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadvassdraget.

Det har tidlegare vore eit setjefiskanlegg i vassdraget, og ein planlegg no å nytte same inntak. Det vil vere aktuelt med eit uttak av inntil 0,05 m³/s i månadene frå september til og med november i fire år frå hausten 2016. Det skal sleppast ei minstevassføring på 0,01 m³/s i september, og 0,03 m³/s i oktober og november.

Det er inngått leigeavtale for rettane til vassuttak frå Jørstadvassdraget.

Jørstadvassdraget, hovuddata

TILSIG

<i>Nedbørfelt</i>	<i>km²</i>	<i>15,4</i>
<i>Årleg tilsig til sjø</i>	<i>mill.m³</i>	<i>18,3</i>
<i>Spesifikk avrenning</i>	<i>l/s/km²</i>	<i>37,6</i>
<i>Middelvassføring</i>	<i>m³/s</i>	<i>0,58</i>
<i>Alminneleg lågvassføring</i>	<i>l/s</i>	<i>14</i>
<i>5-persentil heile året</i>	<i>l/s</i>	<i>17</i>
<i>5-persentil sommar (1/5-30/9)</i>	<i>l/s</i>	<i>8</i>
<i>5-persentil vinter (1/10-30/4)</i>	<i>l/s</i>	<i>57</i>

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

VASSUTTAK

<i>Inntak</i>	<i>moh.</i>	6
<i>Avlaup</i>	<i>moh.</i>	0
<i>Lengd på påverka elvestrekning</i>	<i>m</i>	100
<i>Omsøkt gjennomsnittleg uttak</i>	<i>l/s</i>	40
<i>Omsøkt maks uttak</i>	<i>l/s</i>	50
<i>Minstevassføring september</i>	<i>l/s</i>	10
<i>Minstevassføring okt. og nov.</i>	<i>l/s</i>	30
<i>Tilløpsrøyr, diameter</i>	<i>mm</i>	350
<i>Brukstid</i>	<i>%</i>	70-100 *

*) Gjeld berre månadane september til og med november i åra 2016 – 2019

Skildring av området

Jørstadelva har eit 15,4 km² stort nedbørfelt ved utløp til sjø i Jørstadvågen nordvest på Ombo, inst i Boknafjorden. Høgste punktet i feltet er 376 moh. opp mot Rundsfjellet i aust. Øvst i den austlege delen av vassdraget ligg det 0,22 km² store Vatlandsvatnet, 170 moh. Utløpselva, Tverråna, renn bratt om lag ein km ned til det 0,16 km² store Kylavatnet på 108 moh. Vidare renn vassdraget mot nord gjennom den 1,2 km lange og smale Løkjen, før Jørstadelva renn noko brattare ned til Jørstadvågen på ei strekning på 1,8 km.

På dei nedste 100 metrane av Jørstadelva er det moderat helling, ovan for dette renn elva i eit stadvis bratt stryk eit par hundre meter til ca. 300 m oppom flomålet. Vidare oppover er elva relativt flat eit langt stykke, før den igjen blir brattare mellom Stampå og Kallheim. I dette partiet er det to relativt høge fossar. Øvst mot Løkjen renn elva stadvis i rolege loner.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Det har tidligare vore eit setjefiskanlegg i Jørstadvågen, men dette anlegget er ikkje lenger i drift. Området kring Jørstadvågen er i dag omgjort til hytteområde og båthamn.

Vassinntaket for tidlegare setjefiskeanlegg i Jørstadvågen låg 100 m opp i elva. Inntaket eksisterer framleis og utgjer ein liten «kum» støypt i elva. Inntaket dekkjer ikkje heile elvebreidda og utgjer ikkje noko vandringshinder.

Teknisk plan

Det vert søkt om vassinntak i Jørstadelva på same staden som eit tidlegare setjefiskanlegg nytta. Inntaket ligg om lag 6 moh. i tilknyting til ein liten betong «kum», som no er fylt igjen med stein og grus. Denne vil bli reinska og utbetra. Noverande inntak dekkjer ikkje heile elvebreidda, og utgjer ikkje noko vandringshinder for fisk. Tilsvarande vil eit utbetra inntak også sikre både oppvandring og slepp av minstevassføring. Frå inntaket er det planlagt å legge røyrleidningen nedgraven ned til sjøen. Diameter for planlagt røyr er 350 mm.

Høyring

Søknaden er handsama av NVE etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale styresmakter, interesseorganisasjonar og aktuelle partar for fråsegn. Søkjar har fått fråsegna til kommentar.

Fylkesmannen i Rogaland uttaler i brev av 27.06.2016:

«---

Fylkesmannens vurdering

Funnet av laks og sjørret i Jørstadelva er ny informasjon, og noe Fylkesmannen på sikt vil inkorporere i vårt tema «lakseførende strekning» i portalen Temakart Rogaland.

Elva renner i stryk de første 2-300 meterne fra sjøen og opp, men funn av anadrom fisk også ovenfor dette partiet indikerer at strekningen er forserbar. Ovenfor dette renner elva slakere, og gyteforholdene her er vurdert som gode. Anadrom strekning er angitt helt opp til fossen ved Kallheim, 1,4 km opp fra sjøen. Vassdrag med bestander av anadrom fisk medfører automatisk strengt vern, og et vannuttak her vil være svært uheldig. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8 i naturmangfoldloven) anses som godt.

Det opplyses om at vanninntaket er planlagt om lag 140 meter oppstrøms utløpet i sjøen, på kote 6. Det vanskelig forserbare stryket rett overfor dette blir dermed ikke berørt av vannuttaket. Vannføringen nedstrøms dette vil likevel bli redusert. Rapporten fra Rådgivende Biologer argumenterer for at 50 l/s ikke er betydelig for oppgang, da anadrom fisk i slike småelver er avhengig av stor vannføring for å vandre opp. Fylkesmannen mener likevel at et uttak av vann vil kunne ha negativ effekt på oppvandringsforhold. Enda mer presserende er det at dette strekkets egnethet som oppvekstområde vil reduseres ved fraføring av vann. Det samme gjelder overlevelse av egg. Rapporten konkluderer også selv med at sumvirkningene av vannuttaket vil være negativt for produksjonen av laks og ørret, jfr § 9 og § 10 i naturmangfoldloven.

Prøvefisket avdekket ikke forekomst av ål, men det er svært sannsynlig at den finnes i vassdraget. Redusert vannføring vil også kunne ha negativ effekt på ål.

Sjørretbestandene i Ryfylke har i lengre tid vært svake og under hardt press, trolig på grunn av høy lakselusrelatert dødelighet. Fisket etter sjørret har derfor vært stengt siden 2010 i Ryfylkeelvene. Ut fra en vurdering av prinsippet om samlet belastning mener vi at nye tiltak i vassdrag som vil forringe produksjonsforholdene for sjørret i Ryfylke vil være svært uheldig, jf. nml § 10 (samlet belastning). Tiltakets lokalisering er ikke hensiktsmessig, jf. § 12 (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder). Slike forsøk bør prøves ut der vannkilden ikke har tilsvarende store naturverdier.

Konklusjon

Med bakgrunn i forekomst av anadrom fisk i Jørstadelva, mener Fylkesmannen at søknaden om vannuttak bør avslås. Uavhengig av formålet og størrelsen på vannuttaket, bør en ta sikte på nullpåvirkning på naturlige bestander av anadrom fisk.»

Rogaland fylkeskommune ved Kulturavdelinga uttaler i brev av 19.08.2016 at dei har ingen merknader til søknaden.

Fiskeridirektoratet Sør uttaler i brev av 22.06.2016 at dei ut frå deira forvaltaransvar ikkje har merknader.

Knut Arild Helland har gitt uttale i brev av 04.08.2016. Han viser til at uttak av vatn i nedre del av Jørstadelva ikkje må vere til hinder for ovanfor liggande eigedomar, og deira bruk av vassressursane og vassdraget. Helland viser til at ein eventuell røyrløysning langs Jørstadelva ikkje må vere til hinder for hans vegrett og tilkomst til nausteidommar, tomter og «vodlingsplass» (for garn). Røyrgata må heller

ikkje vere til hinder for tilgang til osen eller framtidig køyrebru over elva. Det vert peika på at uttak av vatn kan gjere oppgang av laks og sjøaure vanskelegare og såleis forringe fiskemoglegheiter lenger opp i vassdraget. Det vert også vist til at karta i søknaden ikkje stemmer overeins med dagens situasjon. Det vert vidare vist til eldre utskiftingsforretningar og diverse rettar knytt til hans eigedom, gnr. 45, bnr. 3.

Søklar sine kommentarar

Bremnes Seashore har i e-post av 04.11.2016 gitt desse kommentarane:

«Vi vil med dette få komme med følgende merknader til de høringsuttalelsene som er kommet inn:

Fylkemannen i Rogaland:

Tiltaket vi har søkt om vil ha inntaket 100 m oppstrøms flomålet i sjøen. For øvrig på samme sted som inntaket som det tidligere settefiskanlegget som var på lokaliteten, hadde. Dette settefiskanlegget er lagt ned for lengst og det er dag en havn og tilhørende hytteområde her nå. Fra inntaket er det planlagt å legge rørledningen nedgravd ned til sjøen og videre ut i sjøen.

Tiltaket vil etter vårt syn ha begrensa effekt på Jørstadelva fordi det planlagte uttaket er svært lite i forhold til total avrenning. Middellavrenning er beregnet til 580 l/s og det planlagte uttaket er 50 l/s. Planlagt minstevannføring er 10 l/s i september og 30 l/s i oktober og november. Her er det viktig å nevne at perioden vi har søkt om uttak av vann er perioden september-november og dette er en periode det normalt er mye nedbør.

Den anadrome strekningen er oppgitt til å være 1,4 km, så den berørte delen av elva er beskjedent.

Vi mener derfor at tiltaket vil ha liten effekt på sjørret- og laksebestanden i elva.

Kurt Arild Helland:

Høringsinnspillet til grunneier Kurt Arild Helland gjelder en rekke rettigheter som hans eiendom har i elva. Etter det vi kan se så vil vi ikke komme i konflikt med noen av disse rettighetene.

Skulle det være strid om de rettighetene vi eventuelt får til uttak av vann, så regner vi med at det uttaket vi kan ta ut i elva (50 l/s) ikke på noen måte vil innvirke på eventuelt uttak av vann lenger oppe i elva.

Heller ikke rettighetene nede ved sjøen vil etter vårt syn bli forhindret av vårt tiltak. Rørledningen vil være nedgravd og dermed ikke til hinder for disse rettighetene.

Oppgangen av laks og sjørret i Jørstadelva vil bli påvirket av regn og flomperioder. Vårt uttak av vann vil derfor ha svært liten påvirkning på vannføringen i slike perioder.

Til slutt så vil vi bemerke om at vi har søkt om eit midlertidig løyve i 4 år for å se om bruk av ferskvann kan benyttes i samband med uttesting av ny teknologi for å forhindre påslag av lakselus. Vi tester såkalte snorkelmerder i et prosjekt i samarbeid med Havforskningsinstituttet og Egersund Net.

Vi håper derfor at vi får løyve til uttak av vann i testperiode til denne nye teknologien.»

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Inntaket i Jørstadelva har eit nedbørfelt på 15,4 km² og middelvassføring er berekna til 580 l/s. Avrenninga er stabil frå år til år med dominerande vår- eller haustflaumar. Lågaste vassføring opptre normalt om sommaren. Alminneleg lågvassføring (henta frå NVE-Lavvann) er 14 l/s, 5-persentil sommar er 8 l/s, 5-persentil vinter er 57 l/s, og 5-persentil for heile året er 17 l/s. Det omsøkte vassuttaket på 50 l/s (3 m³/min) i månadane september til november utgjer 8,6 % av den gjennomsnittlege vassføringa i perioden september til november. Det vert opplyst at anlegget ikkje treng maksimalt uttak heile tida, og det er ikkje nødvendig å ta ut vatn i særsture dagar.

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 10 l/s i september (tilsvarande 5-persentil for sommarhalvåret) og minstevassføring på 30 l/s i oktober og november, for å sikre vassføring på den 100 m lange strekninga nedstraums inntaket før flomålet.

Vedlagt søknaden ligg ei hydrologisk vurdering av vassføringa i Jørstadvassdraget, basert på målingar i det nærliggande Vikedalsvassdraget i perioden frå 1. november 1982 til 31. desember 2015. I denne perioden vil omsøkt maksimalt vassuttak kunne gjennomførast saman med slepp av minstevassføringa i 97 % av tida. I dei siste 3 % av tida vil vassuttaket vere redusert. Tala syner at det i 1 % av denne tida er mogleg å ta ut mellom 40 og 50 l/s, i 1 % av tida er det mogleg å ta ut mellom 25 og 40 l/s, og i den siste 1 % av tida kan ein ta ut mellom 10 og 25 l/s.

Det vert opplyst at anlegget ikkje treng eit kontinuerleg maksimalt vassuttak, og at anlegget heller ikkje treng å ta ut vatn kvar dag. Ut frå dette vurderer NVE at det er tilstrekkeleg med vatn til både planlagt minstevassføring og uttak til avlusing av fisk.

Naturmangfald

Elva renn i stryk dei første 2-300 meterane frå sjøen. Ovanfor det bratte partiet renn elva slakare, og gyteforholda her er vurdert som gode. I samband med søknaden har Rådgivende Biologer utført ei feltundersøking og elektrofiske på to stasjonar i Jørstadelva, ein stasjon heilt nedst i elva og ein 370 m opp i elva, oppom det bratte stryket. Det vart registrert både laks og aure på begge stasjonane. Funn av laks på stasjon 2 viser at anadrom fisk kan vandre forbi det bratte stryket 2-300 m opp frå sjøen. Undersøkinga viser at anadrom fisk vil kunne vandre minst så langt som til fossane ved Kallheim, altså om lag 1,4 km.

Fylkesmannen meiner at søknaden om uttak av vatn må få avslag. Fylkesmannen meiner at eit uttak av vatn vil kunne ha negativ effekt på oppvandring av fisk. Fylkesmannen meiner også at verdien av påverka elvestrekning som oppvekstområde vil bli redusert ved bortføring av vatn. Det same gjeld overleving av egg.

Inntaket er planlagt om lag 100 m før utløp til sjø. Det bratte strykpartiet 2-300 m opp frå sjøen, ligg ovanfor planlagt inntaksdam. Inntaket skal utformast slik at det ikkje skal hindre opp- og nedvandring av fisk.

Rådgivende Biologer skriv følgjande: «Frå sjøen til inntaksdammen er oppvandring uproblematisk, utan nemneverdige fall. Redusert vassføring kan i nokre tilfelle gjere oppvandring vanskelegare også på strekningar med moderat fall, men i denne samanheng er eit uttak på 50 l/s tilnærma ubetydeleg. Laks og sjøaure vandrar normalt opp i slike småelver på moderat til høg vassføring, som i Jørstadelva i alle fall vil bety fleire hundre liter per sekund, slik at 50 l/s frå eller til ikkje vil mone mykje.»

NVE er samd i denne vurderinga og meiner at uttak av 50 l/s ikkje er avgjerande for oppvandring av fisk i Jørstadelva.

Når det gjeld endra oppveksttilhøve og eggoverleving på dei nedste 100 m av elva skriv Rådgivende Biologer følgjande: *«I sum må ein anta at effekten av vassuttaket vil vere negativ for produksjonen av laks og aure i vassdraget. Den påverka strekninga er kort (100 m), og om ein antek ein reduksjon i smoltproduksjon på 0-30 % vil tiltaket medføre at ein stad mellom 0 og 15 færre smolt (laks og aure samla) vandrar ut frå denne delen av elva kvart av dei fire åra. Dette er her vurdert å gje ein liten negativ verknad for akvatisk biologisk mangfald, og i denne vurderinga er det lagd vekt på at vassuttaket er avgrensa til fire år.»*

NVE vurderer at påverka elvestrekning utgjer ein liten del av anadrom strekning, og at eit vassuttak på inntil 50 l/s frå Jørstadelva er lågt med tanke på tilgjengeleg vassmengd i dei tre aktuelle haustmånadane. Det skal også sleppast ei minstevassføring på strekninga som vil ivareta noko av verdiane ved låg vassføring. NVE er samd med vurderingane frå Rådgivande Biologer om at tiltaket vil få avgrensa verknad for oppveksttilhøva for ungfisk og eggoverleving.

Det er ikkje registreringar av ål i vassdraget, men det må reknast som svært sannsynleg at ål vandrar opp i vassdraget. Ål er raudlista som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015. Det er ikkje venta at tiltaket vil medføre nemneverdige konsekvensar for ål.

Forutan laks, sjøaure og ål er det ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldsynte artar knytt til influensområdet.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vert det vist til i nml § 8 der det vert slått fast at offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapleg kunnskap om art eller naturtype, og effekten det aktuelle inngrepet vil ha. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Informasjon om biologisk mangfald i influensområdet kjem fram gjennom søknaden, feltundersøking med elektrofiske, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. Ut frå dette meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. at kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Tiltaket vil ha liten negativ effekt på biologisk mangfald og påverkar ingen viktige naturtypar. Den raudlista arten ål som er knytt til vassdraget vil med stort sannsyn ikkje bli påverka i nemneverdig grad. NVE vurderer difor at tiltaket ikkje kjem i konflikt med forvaltningsmål for naturtypar, økosystem eller artar, jf. nml §§ 4 og 5.

Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at eit tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadelva er til skade for nokon kjende ålmenne interesser.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Tiltaksområdet på Ombo høyrer til landskapsregion Ytre fjordbygder på Vestlandet, underregion 21.1 Ryfylkeøyane. Desse utgjer eit belte mellom fjordmunningane og dei midtre og indre bygdene. Ytst ute er landskapet framleis prega av kystflata, men med noko større relieff innover. Landskapet er det typiske i regionen, med inngrep langsmed sjøen, og sjølve Jørstadvassdraget sine nedste delar ligg i ein dal med lite innsyn.

Frå inntaket er det planlagt å legge rørleidningen nedgraven ned til sjøen. I søknaden er det vurdert at planlagt vassuttak ikkje vil ha nokon særleg verknad på opplevinga av landskapet i dette området. NVE er samd i denne vurderinga.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

Samfunnsmessige fordelar

Planlagt forsøksanlegg vil sikre næringa verdfull erfaring med denne type installasjonar for å forhindre påslag av lakselus i merdanlegg i sjø.

Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje mellombels løyve til vassuttak til avlusing av fisk må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at tiltaket påverkar ei kort elvestrekning på 100 m, og at vassuttaket er avgrensa i høve til tilgjengeleg vassmengd. Tiltaket gjeld og berre for dei tre haustmånadane september, oktober og november, i ein tidsavgrensa periode på tre år (første år fell bort).

Dei største konfliktane med tiltaket er knytt til biologisk mangfald, der omsynet til fisk er vektlagt spesielt, sidan vassuttaket ligg på anadrom strekning i Jørstadelva. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil få større negative verknadar for fisk og anna biologisk mangfald, og vurderer difor at eit tidsavgrensa uttak er akseptabelt.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Bremnes Seashore AS kan ta ut vatn til avlusing av fisk i månadane september, oktober og november, over ei periode på inntil tre år i perioden 2017-2019. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Maksimalt vassuttak på inntil 50 l/s frå inntak i Jørstadelva i månadane september, oktober og november.
- Det skal ikkje takast ut vatn frå vassdraget elles i året.
- Det skal sleppast ei minstevassføring på 10 l/s i september, og 30 l/s i oktober og november.
- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Inntaket skal utformast slik at det ikkje er til hinder for opp- og nedvandring av fisk.
- Det skal monterast rist på inntaket slik at fisk ikkje kan bli dradd inn i inntaksrøyr.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Bremnes Seashore AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følge av tiltaket.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Finnøy kommune
Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Rogaland
Kurt Arild Helland
Rogaland fylkeskommune